

Årsmelding for Breim sokn 2020 - 2021

Soknerådet har sidan 2019 vore samansett slik:

Leiar og konfirmantansvarleg: Audhild Bogstad

Nestleiar og medlem i fellesrådet: Jan Arve Søvde

Medlem og sekretær: Ragnhild Olina Solbakk Flølo

Medlem og ansvarleg for trusopplæring: Venke Raad Larsen

Medlem og ansvarleg for diakoni: Venke Kollbotn

Medlem: Ove - Bjørnar Høylo

Vara: Oddrun Midtkandal

Vara: Ragna Førde

Vara og kasserar: Hagleik Almenning

Vara: Juni Margrethe Solbakk Flølo

Endringar i perioden:

Jan Arve Søvde ba om fritak frå fellesrådet, Hagleik Almenning tok hans plass.

Oddrun Midtkandal er 2 vara i fellesrådet

Ragna Førde og Hagleik Almenning deler på arbeidet med å vere kasserer.

Ragna Førde er representant i trusopplæringsutvalget, Audhild Bogstad er vara.

Soknepresten i Breim, Tore Myklebust er fast medlem, vara er soknepresten i Gloppen, Vidar Bjotveit.

Vi har bak oss to annleis år, som også har prega Breim kyrkjelyd og arbeidet i soknerådet. Mange gudstenester og arrangement vart avlyst, men livet har også gått sin gang.

- Breim sokneråd har i åra 2020 og 2021 hatt langt færre møte enn vanleg, men elles kontakt på e-post.
- Barna har blitt døypte.
- Vi har hatt om lag like mange vigslar som åra før. (Nokre fleire i 2020 enn i 2018 og 2019, ingen i 2021.) Fleire har utsett.
- Vi har faktisk hatt bortimot normalt tal gudstenester i kyrkja, men mange annleis gudstenester.
 - Det har vore mange spesialgudstenester. Dei fleste eigne dåpsgudstenester
 - I 2020 hadde vi to digitale gudstenester, Langfredag og 17. mai
 - I 2021 la vi ut Langfredagsteksten lesen i Breim kyrkje.
 - Konfirmasjon vart gjennomført med tilnærma normalt med gjester på kvar konfirmant i kyrkja.
- Vi har gjennomført LysVaken om hausten 2020 og 2021.
- Gravferder har vore gjennomført som normalt (men i dei fleste høve med færre til stades enn det ville vore i vanlege tider, på det «verste» var det berre lov å vere 30 i gravferder. I ca. halvparten av tida (det gjekk litt opp og ned) var talet i Breim 50.
- I staden for skulegudsteneste hadde prest og organist til saman 8 «mini gudstenester» i klassene på skulen og møtte alle klassene, både før jul i 2020 og i 2021.

- Diakon, prest og diakonikontakt, Venke Kolbotn, har sendt ut julehelsing til bebuarane på Re- og Byrkjelo tunet.

Så får det våge seg at vi som sokneråd har tæra på reservane. Men er det ein gong vi skal bruke litt av oppsparte midlar så må det vere i slike krisetider.

Gudstenester

Tala for 2020 står først / 2021. 2020/2021 vart det halde totalt 30/35 gudstenester i Breim, utanom opptak til nettgudstenestene. Av desse var 27/29 i kyrkja, 1/1 nattverdsgudstenester på Byrkjelotunet, støylogudstenester på Årdalsstøylen (2020) og Kvilestøylen (2021). Fjellstemnet på Utvikfjellet/ ved Brekkestova / ved kafebygget. I 2020 var det Vikane som hadde ansvar og i 2021 Breim sokn.

Begge åra hadde vi delt i to påfølgande konfirmasjonsgudstenester med 11 konfirmantar 2020 og 16 i 2021. Dermed kunne kvar konfirmant ha med bortimot normalt tal gjestar. I 2020 bestemte kyrkja sentralt at alle konfirmasjonar skulle utsettast til hausten. I 2021 var det opna for lokale vurderingar. Vi valde å halde på dagen. Men med beredskap på at det kanskje måtte utsettast. Det viste seg i ettertid at det var omlag like mykje restriksjonar tidleg på hausten.

Totalt var det 14/17 dåpsbarn. Totalt deltok 1372 /1473 (3129 i 2019) personar på gudstenestene i 2020/21. Det var 9/14 gudstenester med nattverd og totalt 41/112 nattverdsgjestar. (I lange periodar kunne vi ha gudsteneste, men ikkje ha nattverd)

Nesten heile perioden har det vore begrensa kor mange som kunne vere samla. På det lavaste var det berre 10 som kunne møtast. Lange periodar 200, men i dei periodane var det krav om 1 m mellom kohortane, ein periode 2m. Og det måtte skrivast liste. Ein periode måtte ein også tilvise plass til den enkelte. Dette har sjølv sagt ført til frustrasjonar og nok også ført til at mange i periodar har lete vere å gå om det har vore plass. Av ulike grunnar, enkelte for ikkje å ta opp plass for andre. Nokre fordi ein må vere forsiktige av omsyn til eiga helse, nokre frykta at ein kunne vere smitta utan å vite det.

Andre arrangement

17. og 18. oktober 2020 var det jubileumshelg for 50- og 60- årskonfirmantane. Frammøtet var godt blant 50 – års konfirmantane og litt færre blant 60 – års konfirmantane.

Jubileet starta laurdag med besøk på det som til og med 2009 var Reed skule. Då vart det laga ei samling av gamle ting i eit rom der. Samlinga består av plansjar, stolar, pultar, bøker og anna utstyr. Dei som ynskte det av jubilantane, kunne møte der og sjå denne samlinga i det som no er Breim barnehage.

Laurdag ettermiddag var det konsert i kyrkja og deretter sosialt samvær på Skei Hotell. Søndag var det gudsteneste med presentasjon av konfirmantane og avslutning av helga med middag på Skei Hotell. Stor stas var det at Asbjørn Gjengedal, som var prest for 50-års konfirmantane, var med heile helga. Han helt mellom anna preika på gudstenesta søndag.

2021 var det óg jubileumshelg med konsert og samling i Bdehuset. Der samlast også jubilantane etter gudstenesta søndag til festmiddag.

Konsertar

Countrytreff 2020 og dermed kyrkjekonserten vart avlyst. Derimot arrangerte Sigrid Moldestad i samarbeid med soknerådet konsert, då det ein periode var lov å samle 200 med tilviste plassar. I 2021 kunne ein heller ikkje ha vanleg treff. Men Countryen arrangerte ein flott konsert med Adam Douglas, Malin Pettersen og Mari Kreken, pluss eit kjempegodt band. 1. desember hadde «Longhorn» frå Lærdal konsert. I 2021 hade Breimskoret eigen julekonsert. Den vanlege julekonserten vart avlyst både i 2020 og 2021.

Trusopplæringsarbeid

Ragna Førde er representant i trusopplæringsutvalet med Audhild Bogstad som vara. Audhild Bogstad er også konfirmantansvarleg.

I januar 2020 var det tårnagenthelg for 9 – åringane. På laurdagen kunne dei få gjere seg kjende i kyrkja og på søndagen var dei med i gudstenesta. Det var også utdeling av bok. I 2021 måtte dette det avlysast.

Gudstenestene i påskene måtte avlysast begge åra. I 2021 fekk 6-åringane hente boka i kyrkja som var open. Det var og laga til påskevandring rundt kyrkja, begge påskene. 4 – åringane fekk sine bøker om lag som normalt i oktober begge åra.

I november begge åra gjekk «Lys vaken» for 11-åringane av stabelen. I 2020 vart det ikkje overnatting i kyrkja, men det gjekk bra i 2021. Då søv ein der frå laurdag til søndag. Førrebuing til gudstenesta på søndagen er ein del av opplegget der 11 – åringane er medliturgar.

På Byrkjelo og Høygarden er det barneforeiningar tilslutta Det Norske Misjonselskapet. Leiarar på Byrkjelo har vore Berit Laila Høylo, Marit Helle Bolstad, Bjørg Aaland, Halldis Kårstad og Ingrid Bø. Foreininga trong nye leiarar. Det var ein i ferd med å få til då koronaen slo inn. No er den foreininga nedlagt.. Foreininga på Høygardane, har vore i dvale under pandemien. Der leiarar er Annlaug Dale, Anette Dale Natås, Reidun Solbakk og Irene Flølo.

Konfirmantarbeidet

I tillegg til dei faste konfirmant-timane har dei gjennom konfirmantåret delteke i ulike aktivitetar knytt til konfirmasjonsførebuinga. Der vi ikkje har kunne hatt leir på Nesholmen, vart det konfirmant dagar begge åra. Det har vore fellessamlingar i Sandane kyrkje. Ved inngangen til «Corona-tida» var det fasteaksjonen, førebuing og gjennomføring av samtalegudsteneste som stod att. Fasteaksjonen vart gjennomført digitalt både i 20 og 21, resultatet må vi vere nøgde med. Samtalegudstenesta var i pinsa 2020, då konfirmasjonen eigentleg skulle vore.

Konfirmasjonen vart gjennomført i september. I 2021 var konfirmasjonen gjennomført som planlagt 1. Pinsedag, men då med to gudstenester sjølv om det «berre» var 16 konfirmantar.

Ei stor takk til både frivillige og tilsette som er med å drive alle desse aktivitetane for barn og unge gjennom store delar av året. Det er eit grunnleggande og veldig viktig arbeid for kyrkja!

Diakoni:

Ingebjørg Isane Fure er tilsett som soknediakon i Gloppen. Breim har ei enkel og oversiktleg **plan for diakoni**. Det er det også spesifisert kven som er ansvarleg for å følgje opp dei ulike tiltaka.

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste som vert uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, kampen for rettferd og vern om skaparverket. Diakoni skal såleis vere rådande for alt arbeidet vi gjer og gjelde for alle aldersgrupper. Det vert gjort mykje godt diakoniarbeid både som kyrkje og av enkeltpersonar.

Sjå elles eiga felles melding frå Diakonen for alle sokna i Gloppen, på nettsida til kyrkja i Gloppen.

Det vart hausten/våren 20-21 arrangert 2 temakvelder i BD-huset på Flølo.
Det handla om gudsbilde og identitet.

Anna aktivitet:

Kyrkjebladet får mange gode tilbakemeldingar og mange betalar inn bladpengar. Arvid Jordanger har vore Breim sokn sin representant i redaksjonen siste åra. Fleire gjer ein stor innsats for å få bladet ut i postkassene til folk. Mange takk til alle som bidreg både med å fylle bladet med innhald og å dele det ut. I 2021 feira kyrkjebladet 50 års jubileum, med nye høgder i sidetal og stor fest for alle involverte.

Soknerådet gler seg over det gode samarbeidet vi har med mange lag og organisasjonar i Breim. Ei stor takk til alle dei frivillige og dei tilsette for tenesta i Breim kyrkjelyd.

For å utvikle ein livskraftig kyrkjelyd for framtida treng vi å arbeide meir med å motivere endå fleire til å bli aktive medlemmer og ta eit personleg ansvar for kyrkja vår og ha meir fokus på fellesskapet.

Til slutt kan ein nemne at Lars- Bjarthe Osland slutta som kyrkjelydspedagog hausten 2020, Simona Fraas Johnsen byrja i mars 2021, medan Ingrid Hageberg Bjørnereim er i permisjon. Malin Mølmesdal Aaberg byrja 1. september 2021 i stilling som barne og ungdomsarbeidar. Ho skal vere vikar for Ingrid Bjørnereim ut juni 2022.

Audhild Bogstad sa opp som kyrkjetenar til 1 august 2021, og Eirik Fraas Johnsen byrja rett før jul.

Elles er Janne Øisang Grinaker vår faste organist, somme tider nede i kyrkja på piano og av og til er dotter hennar med på tverrfløyte.

Breim, 17.02.2022

Audhild Bogstad

-leiar-